



# BREMANGER KOMMUNE

«SOA\_NAVN»

Kommunal-og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8129 Dep.

0032 OSLO

**Vår ref.**  
14/1680-2/K1-010, K3-&13//HJM

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
15.09.2014

## Høyring - Forslag endringar i vallova og valføreskriftene - høyringsuttale

Bremanger kommune kjem med følgjande uttale vedkomande forslag til endring i vallova og valføreskriftene, vedteke i Formannskapet den 23.10.2014 – sak 109/14:

**23.10.2014 Formannskapet**

### **FSK-109/14 Vedtak:**

#### **Valkort:**

Bremanger kommune sluttar seg til framlegg om endring i valgloven gjeldande valkort, der departementet overtek produksjon og utsending av desse. Det bør nyttast postadresse framfor folkeregistrert adresse på valkorta. Elektroniske valkort kan nyttast om utstyr for lesing av valkort, og eventuelt strekkodar på smarttelefonar, er tilgjengeleg. Det er viktig med god informasjon til kommunane kva utstyr dei treng i vallokala for lesing av valkort.

#### **Røystesetlar:**

Bremanger kommune sluttar seg til framlegg om standarisering av røystesetlar.

#### **Førehandsrøyster:**

Bremanger kommune sluttar seg ikkje til forslag om endring av frist for når veljar kan førehandsrøyste. Erfaring viser at mange røyster så seint som mogeleg, endring av fristar vil ta lang tid å arbeide inn – ein vil truleg oppleve at mange ikkje får gjeve røysta si til rett tid.

Det er viktig at alle røyster angjeve til rett tid vert talde, men det er uheldig at valoppgjeret vert utsett. Postgongen i Bremanger kommune er så dårleg at det truleg ikkje vil hjelpe å utsetje valoppgjeret til tysdag.

Løysing på dette er at ein fortset med internettrøystegjeving, då kan ein røyste så seint som fredag kveld ( kl.23.59) før valet, og ein veit at røysta kjem fram til rett tid. Bremanger kommune hadde ikkje røyster som kom seint fram i 2013, då deltok dei i prosjektet med internettrøystegjeving.

---

Kontoradresse:  
«Soa\_Adr2»  
«Soa\_Postnr»  
«Soa\_Poststed»

Postadresse:  
«Soa\_Adr»  
«Soa\_Postnr»  
«Sse\_Poststed»

Telefon / telefaks:  
«Sbr\_Tlf»  
«Soa\_Fax»

E-post / web:  
«Sbr\_Email»  
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:  
3776.07.50035

**Internettrøystegjeving:**

Bremanger kommune ynskjer å kommentere valet ein har gjort om ikkje å vidareføre forsøk med internettrøystegjeving.

For vår kommune, med spreidd busetnad, mange pendlarar til arbeid og skule, utebuande studentar og personar i jobb offshore og på fiske, så har internettrøystegjeving vore eit svært godt tilbod. Utanlandsbuande har kunne røyste på ein lettare måte, men viktigast har det vore for dei spesielle gruppene i kommunen, som av ulike formar for funksjonshemming ikkje har kunna røyste aleine og usett i vallokala før, ved internettrøystegjeving har dei kunnesitte heime å røyste utan hjelpar tilstades.

Internettrøystegjeving har gjeve veljarane ein unik tilgong til å kunne røyste.

Bremanger kommune hadde ved sist val 1052 personar som førehandsrøysta, av dei var det 789 personar som valde å gjere det på nett.

Vi er uroa over at ein tek vekk eit velfungerande tilbod, og eg trur det kan bli vanskeleg å få ein del av veljarane attende til vallokalet, etter at dei har kunne nytta internett for å røyste.

Dersom departementet meiner at grunnen for å ikkje vidareføre forsøket, er at veljarane er utsett for utilbørleg påverknad, så bør ein prøve ut internettrøystegjeving i kontrollerte omgjevnader.

Med helsing

Hilde Jenssen Midtbø  
Valsekretær

